

## AUSTRHEIM KOMMUNE

Framlegg til REGULERINGSFØRESEGNER for «Næringsområde og småbåthamn på Langøyna».

Jf. plan- og bygningslovens (pbl) § 12

**Planid:** **1264\_2017005**

**Datert/revidert:** **5.10.2018**

**Vedteken:**

### § 1 GENERELT

#### **1.1 Formål**

Formålet med planen er etablering av rorbuer, bobilparkering, servicebygg, naust, veg og småbåtanlegg.

Desse reguleringsføresegndene gjeld for området vist med reguleringsgrense på plankart i mål 1:1000, datert 15.5.2018.

#### **1.2 Reguleringsformål**

I samsvar med plan- og bygningslova er areala regulert til følgjande formål:

##### Bygningar og anlegg

(Pbl. § 12-5 nr. 1)

- Utleiehytter (BUH)
- Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (BBS)
- Naust (BUN)
- Leikeplass (BLK)

##### Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

(Pbl. § 12-5 nr. 2)

- Veg (SV)
- Gangareal (SGG)
- Annan veggrunn- grøntareal (SVG)
- Annan veggrunn – teknisk anlegg (SVT)
- Parkering (SPA)

##### Grøntstruktur

(Pbl. § 12-5 nr.3)

- Naturområde (GN)

##### Landbruks-, natur- og friluftsformål

(Pbl. §12-5 nr. 5)

- LNFR-areal for spreidde bustader- fritidsbustader eller næringsbygningars m.m. (LS)

##### Bruk og vern av sjø og vassdrag

(Pbl. § 12-5 nr. 6)

- Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (V)
- Havneområde i sjø (VHS)
- Badeområde (VB)

Omsynssoner  
(Pbl. §12-6 jf. § 11-8)

- Frisikt (H140)
- Høgspenningsanlegg (inkl. høgspentkabler) (H370)
- Bevaring kulturmiljø (H570)

## § 2 FELLES FØRESEGNER

### **2.1 Utfyllande planar og dokumentasjon**

#### **2.1.1 Situasjonsplan**

Saman med søknad om byggjeløyve for utleigehytter, skal det sendast inn situasjonsplan som viser tiltaket si form, plassering, tilkomst, parkering/garasje og utomhusareal, samt kotenivå på murar og skjeringar/skråningsutslag på tomta.

Saman med søknad om byggjeløyve til småbåthamn, skal det sendast inn situasjonsplan som viser plassering, tilkomst og parkering.

#### **2.1.2 Terrengbehandling**

2.1.3 Alle terrenгинngrep skal skje mest mogeleg skånsomt.

2.1.4 Ubebygde områder skal ha ei estetisk tiltalende form og handtering.

### **2.2 Parkering**

2.2.1 Minimum av 5% parkeringsplasser skal vere utforma rørslehemma. Desse plassane skal ha kortast mogeleg gangavstand til hovudtilkomst og ein tilpassa trase.

### **2.3 Byggjegrenser**

2.3.1 Byggjegrenser er vist på plankartet. Der det ikkje er angitt byggjegrenser på plankartet, er byggjegrensa lik med føremålsgrensa.

2.3.2 Tiltak nemnd i pbl § 29-4, samt støttemurar, terreng opparbeiding og parkeringsplassar kan plasserast utanfor byggjegrensene.

2.3.3 Planlagt byggjetiltak skal plasserast over kote +3,0 slik at dei ikkje tek skade av høg vasstand og stormflo.

### **2.4 Allmenn ferdelsrets**

2.4.1 Ålmenta har ferdelsrett til og gjennom planområdet for atkomst til småbåtanlegget og badepllassen. Småbåtanlegg og badeplass skal vere ope for ålmenta.

## **2.5 Krav til utfyllande planer og dokumentasjon:**

- 2.5.1 Det skal gjerast avtale om kabelpåvisning/ oppmåling på BKKs kabelanlegg, før rammeløyve kan gis.
- 2.5.2 Det skal utarbeidast ein Miljøplan for småbåtanlegget. Planen skal avgrense mogleg negative miljøpåverknader frå småbåtanlegget. Planen skal følgje søknad om rammeløyve for småbåtanlegg.
- 2.5.3 Tiltaksplan for sikring av omgjevnadene/ avbøtande tiltak i byggje- og anleggsperioden. Plan for skånsomhet av omgjevnadene mot forureining og andre ulemper i byggje- og anleggsfasen skal følgje søknad om igangsetting for det enkelte byggjefelt. Planen skal ta spesielt omsyn til registrert gytefelt for kystsikring. Planen skal gjera greie for planlagt sprenging i og nær sjø, trafikkavvikling, massetransport, driftsperiode, trafiksikkerheit for alle trafikantgrupper, reinhald og støvdemping. Nødvendige vernetiltak skal vere etablert før byggje- og anleggsarbeider kan igangsetjast.

## **§ 3 REKKEFØLGJEFØRESEGNER**

- 3.1** Ny veg SV2 skal vera ferdig opparbeida før arbeidet med småbåtanlegg BBS1/BBS2 startar.
- 3.2** Før bruksløyve eller ferdigstilling innanfor formål BUH gis, skal felles vann- og avløpssystem vere ferdig opparbeida i samsvar med godkjente VA- norm for Austrheim kommune.
- 3.3** Før bruksløyve eller ferdigstilling innanfor formål BBS1-2 og BUH gis, skal felles overvasshandtering vere ferdig opparbeida i samsvar med godkjente VA- norm for Austrheim kommunen.
- 3.4** Før bruksløyve eller ferdigstilling innanfor BUH, skal leikeplass på minimum 100m<sup>2</sup>/ vere ferdig opparbeidd og gjeve bruksløyve.

## **§ 4 BYGNINGAR OG ANLEGG (Pbl § 12-5. ledd nr. 1)**

### **4.1 Utleigehytter (BUH)**

- 4.1.1 Innanfor formålet kan det etablerast nettstasjon med sikringssone i samråd med BKK. Frittståande nettstasjon skal plasserast minimum 5m frå bygning med brennbare overflater og minimum 3 m frå vegkant. Det er tillat å integrere nettstasjon i ny busetnad.
- 4.1.2 Innanfor formålet skal det etablerast felles avfallshandtering.
- 4.1.3 Maks tillat utnyttingsgrad i %-BRA er oppgitt på plankart.
- 4.1.4 Maks byggehøgder er oppgitt på plankart.
- 4.1.5 Bygg skal ikkje plasserast lågare enn kote +3.
- 4.1.6 Innanfor BUH skal det etablerast minimum 0,5 og maksimum 1 parkeringsplass per eining.
- 4.1.7 Innanfor BUH1 kan det etablerast rorbuer, oppstillingsplass for bobil, parkeringsgarasje og serviceanlegg samt båtopplag.
- 4.1.8 Innanfor BUH2 kan det etablerast rorbuer og midlertidig oppstillingsplass for bobil.

## **4.2 Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (BBS)**

- 4.2.1 Det er tillat med utfylling i sjø og etablering av kaianlegg innanfor BBS.
- 4.2.2 Innanfor BBS1 skal det etablerast kaianlegg på land.
- 4.2.3 Innanfor BBS2, BBS3 og BBS4 kan det etablerast flytebryggje.
- 4.2.4 Innanfor BBS1/BSS2 skal det etablerast minimum 1 og maks 3 parkeringsplassar i samband med småbåtanlegget.
- 4.2.5 Parkering for BBS1 og BBS2 skal vere i sambruk av parkeringsplassar i felt BUH1 og BUH2.
- 4.2.6 o\_SPA er parkeringsplass for BBS3.
- 4.2.7 Følgjande gnr/bnr har rett på båtplass innanfor BBS3:  
1båtplass for gnr163 bnr3 (Hjeltholmen)  
1 båtplass for gnr163 bnr13 (Purkholmen)  
1 båtplass for gnr163 bnr2  
Dei andre plassane er for ålmenta.
- 4.2.8 Det skal ikkje gjerast tiltak i sjø i perioden februar-april som kan øydeleggja for gytefeltet i området.
- 4.2.9 Alle tiltak som kan påverke sikkerheit eller framkomlegheit i farvatnet krev løyve etter lov om havner og farvann av 17. april 2009. Det er Bergen og Omland havnevesen som har forvaltningsansvar og mynde etter hamne- og farvasslova § 27, 1. ledd.

## **4.3 Naust (BUN)**

- 4.3.1 Innanfor BUN kan det etablerast naust. Naust skal vere bygg/uthus i ein etasje med bruksareal (BRA) inntil 40 m<sup>2</sup>. Altan, utkraging eller terrassar er ikkje tillat. Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av bruksarealet (BRA). Naust skal ha saltak med ein takvinkel mellom 35° og 45°. Takforma kan tilpassast lokale høve. Naust skal ikkje nyttast til varig opphold. Eventuelt loftrom skal ikkje ha måleverdig areal. Knevegg på loft er ikkje tillate. Mønehøgda kan vere inntil 5,0 m målt frå gjennomsnittleg planert terreng. Sløyebenk og vask er tillat.
- 4.3.2 Innanfor BUN1 kan det etablerast maks 2 naust.  
Det kan etablerast maks 1 parkeringsplass per naust i felt BUN1.

**§ 5**  
**SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR.**  
**(Pbl § 12-5. ledd nr. 2)**

**5.1 Veg (SV)**

- 5.1.1 Veg skal opparbeidast med breidde og kurvatur som vist på plankart.
- 5.1.2 Mindre endringar av traseen er tillat for å oppnå god terrengetilpassing. Endringar skal skje i samråd med rette vegmynde.
- 5.1.3 Veg o\_SV1 skal vere offentleg.
- 5.1.4 Naust innanfor BUN1 skal ha tilkomst via SV2 og SV3.

**5.2 Annan veggrunn – teknisk anlegg (SVT)**

- 5.2.1 Areala omfattar nødvendig areal til slepp i samband med småbåtanlegget.

**5.3 Annan veggrunn – grøntareal (SVG)**

- 5.3.1 Annan veggrunn grøntareal skal nyttast til grøfter, skjeringar, fyllingar, murar m.m. Det kan innanfor formålet plasserast veglys, rekkverk og anna infrastruktur som er ein naturleg del av veganlegget.

**5.4 Parkering (SPA)**

- 5.4.1 Parkeringa o\_SPA er offentleg og kan nyttast av alle.  
Følgjande gnr/bnr har rett på parkeringsplass:  
1 parkeringsplass for tomt gnr163 bnr3 (Hjelholmen)  
1 parkeringsplass for tomt gnr163 bnr13 (Purkholmen)  
1 parkeringsplass for tomt gnr163 bnr2

**§ 6**  
**GRØNTSTRUKTUR**  
**(PBL § 12-5 nr. 3)**

**6.1 Naturområde**

- 6.1.1 Eksisterande vegetasjon skal tas vare på, det kan ikkje tillatast tiltak som er til ulempe for naturomsyna innanfor området.
- 6.1.2 Det er tillat med restaurering av eksisterande brygge- og småbåtanlegg.
- 6.1.3 Etablering av gangsti er tillat.

**§ 7**

## **LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL**

### **7.1 LNFR-arealet for spreidde bustader-, fritidsbygningar- eller næringsbygningar mm.**

- 7.1.1 I formålet kan det byggjast ut der det ikkje er til ulempe for landbruk, friluftsliv eller natur og miljø. Det kan innanfor føremålet kun etablerast fritidsbustader, ein fritidsbustad innanfor område LS1 og ein fritidsbustad innanfor område LS2.
- 7.1.2 Innanfor formålet kan følgjande tiltak tillatast i tråd med eksisterande bruk, jf pbl § 11-11 nr 2:
- Tiltak etter pbl § 20-1,
  - Tiltak som fell innanfor reglane i pbl §§ 20-2, 20-3 og 20-4
  - Tiltak der samla bruksareal (BRA) er inntil 150m<sup>2</sup> etter pbl §20-1a) Dette gjeld for fritidsbustader.

**§ 8**  
**BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG**  
(PBL § 13-5 NR. 6)

**8.1 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (V).**

**8.1.1 Areal avsett til hovedformålet med unntak av akvakultur og småbåthamn.**

8.1.2 Det kan ikke tillatast tiltak som er til hinder eller til ulempe for fiske innanfor området.

**8.2 Hamneområde i sjø (VHS).**

8.2.1 Det kan ikke tillatast tiltak som er til hinder eller til ulempe for ferdsel innanfor området.

Det skal tas omsyn for eksisterende sjøkabel og sjøledning.

8.2.2 Småbåtanlegget skal utformast slik at det ikke vil vere naturleg med båtferdsel i retning mot stranda.

**8.3 Badeområde (VB)**

8.3.1 Det kan ikke tillatast tiltak som er til ulempe for badepest innanfor området. Tiltak som fremjar friluftslivet er tillat.

8.3.2 Usetting av badebøyer for å avgrense badeplassen mot båttrafikk, skal skje i god tid før badesesongen.

8.3.3 Badeområde VB1 – badestrand

8.3.4 Badeområde VB2 – badepest i sjø

**9**  
**OMSYNNSONER**  
(PBL § 11-8 jmf. §12-6 )

**9.1 Sikringssoner**

**9.1.1 Frisikt (H140)**

I frisiktonene er det forbod mot fyllingar, bygningsmessige arbeid og planting o.a. som er til hinder for fri sikt i ei høgd av 0,5 m over vegplanet.

**9.2 Faresone**

**9.2.1 Høyspenningsanlegg (H370).**

Det må ikke gjerast inngrisen i terrenget som fører til endring av overdekningen over kablar eller oppfylling av terrenget som medfører redusert høgde opp til luftleidningsanlegg.

Omsynssone er byggeforbudsbelte på totalt 16 meter, 8 meter målt horisontalt ut til kvar side frå senter.

**9.3 Bevaring kulturmiljø**

I omsynssona skal tiltak og aktivitetar utførast med omsyn til kulturminne. Skjøtsel innanfor området skal skje i samråd med den lokale kulturminnemynde. Det er ikke tillat med verksemder som kan verke skjemmande på kulturmiljøet.

Os, den 2.5.18

---

Kommunalsjef

Godkjent av Austrheim kommunestyre i møte